




Stord vatn og avlaup KF



Årsmelding og Rekneskap 2011



Innhold

1	Innhold	4
2	Dagleg leiar	4

Administrasjon og leiing

3	Styret	5
3	Medarbeidarar/organisering/likestilling	5
4	Orginasjonsplan 2011	6
4	Lokal	6

Drift

5	Kjernetjenester i SVA KF	7
5	Drift	7
6	Nøkkeltal frå drifta	8

Prosjekt

7	Pågåande prosjekt	9
---	-------------------	---

Arbeidsmiljø

8	Arbeidsmiljø	10
9	Kompetanseheving	11

Anna

10	Nøkkeltal. Kundar hos Stord vatn og avlaup KF	12
10	Nøkkeltal. Utvikling av Eigedomsgebyr	12
10	Rekneskap -, fakturering - og arkivtenester	12

Økonomi

11	Årsrekneskap 2011	13
12	Investeringer/lån	14
13	Drift	15
14	Økonomisk oversikt drifta	16
15	Økonomisk oversikt investering	17
16	Balanse	18
17	Signering	19
18	Notar 1-9	20
19	Årsberetning Revisor	26



Grafisk design: BO design & foto
Foto: Bodil Haga
Opplag: 100

Framsidedfoto frå Fuglavikjo

STYRET SIN ÅRSBERETNING OG ÅRSREKNESKAP 2011

For Stord vatn og avlaup KF

Dagleg leiar

2011 er det andre heile året der me er organisert som kommunalt føretak.

Kundane våre opplevde truleg året 2011 på same måte som tidlegare år. Me skal ha ei sikker og trygg vassforsyning. Me skal ta oss av avfallet til kundane på ein trygg og god måte. Det gjeldande spillvatn (kloakk) og renovasjon. Dersom dette blir utført utan for stor merksemd skulle det vere eit teikn på at den leverte tenesta står i høve til kva kundane forventar!

Me i organisasjonen opplever gjerne dette litt annleis. Føretaket hadde mange aktivitetar i 2011. Det blei nytta mykje energi og midlar på best mogleg måte fylja opp dei store utbyggingsaktivitetane på Stord.

Føretaket har hatt tett dialog med eigedomsutviklarane gjennom året. Mange utbyggingar har blitt gjennomført. Utbyggingar der føretaket har vore delaktig og fått god synergieffekt i så måte innan fagfeltet. Store saneringar har blitt gjennomført på kort tid.

Også i året 2011 har føretaket slitt med å gjennomføre dei investeringane som blei budsjettert.

Årsak til manglande gjennomføring er til dels sjølv budsjetteringsmetoden. Omtala kommunedelplanar set opp tiltak som er lite aktuelle i høve nye regelkrav. Pengar blir sett av til tiltak som ikkje er blitt sett i verk, og tiltak som ville vore feil å sette i verk tidlegare. Gode døme på dette er nye reinseanlegg som ikkje hadde helde dei gjeldande reinsekrava i dag, samt VA sanering i Jensanesvegen.

Etterslepet på investeringane er hovudårsaka til at sjølvkostfonda blir godskrivne med ytterlegare midlar. For året 2011 kjem føretaksrekneskapen ut med eit udekka resultat på kr 3,3 mill.

Gjennom året har det blitt jobba sterkt med dei omfattande endringane til reinsekrav for spillvatn. Dette blir det store prosjektet i åra som kjem.

Når det gjeld drifta så har også 2011 vore mykje lik 2010. Det var også i 2011 28 brot på dei kommunale hovudvassleidningane. Produksjonen av drikkevatt auka med 5,75 %. Gjennom Sommaren 2011 blei det nytta sommarvikarar til å utføre vedlikehald av våre mange ulike bygg. Pumpestasjonar og liknande blei mala. Dette er også eit flott tiltak for å tenke langsiktig rekruttering.

Gjennom året har det vore sterkt fokus på trygt arbeidsmiljø. Arbeidet med vernerundar, sikker jobbanalyse og trygg bruk av kjemikalier har stått sentralt i dette arbeidet. Liknande arbeid på vasshandsamingsstasjonen er også sett i gang.

Sjukefråvær prosenten gjekk frå 5,44 % i 2010 til 1,64 % i 2011. Dette viser at arbeidet som blir lagt ned i det førebyggjande arbeidet samt dei investeringane som blir gjort i, av og rundt medarbeidarane gjev gode resultat. Dette dannar eit godt grunnlag for ytterlegare investering i det førebyggjande arbeidet framover. Stor takk til alle medarbeidarane her. Tal registrerte skadar på medarbeidarane har også ein positiv utvikling!

Samarbeidet med styret har vidareutvikla seg positivt gjennom åtte møter og 38 saker gjennom året. Styret har fokus på m.a. prosjektgjennomføring, prosjektrapportering, budsjett oppfylging, økonomistyring, strategi og handling, effektiv drift, framtidretta planar og gebyrnivåa.

Dagleg leiar vil takka alle Kundane, Eigar (Ordførar og Kommunestyret), Styret, Stord kommune, Sunn HMS, Samarbeids-partar som konsulentar og entreprenørar, og aller mest alle Medarbeidarane for samarbeidet og innsatsen gjennom året 2011!

Stord 10. april 2012.

Sivert

Administrasjon og leing

Styret

Styret for SVA KF hadde for året 2011 fylgjande samansetning:

Malvin Handeland	Styreleiar
Aud Margrethe Litlabø	Nestleiar fram til 1.7.2011
Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar frå 1.07.2011
Hege Økland	Styremedlem
Gunhild Enes	Styremedlem valt av medarbeidarane i SVA
Jarle Myklebust	Styremedlem

Vara medlem:

Lars Åge Myhre	Vara fram til 1.07.2011
Johannes Njosen	Vara
Stein Birger Lekven	Vara
Hilde Grov Ottesen	Vara frå 1.07.2011
Leif P Lie	Valt av medarbeidarane i SVA

Styret har hatt 8 møter i 2011. Eitt av møta var strategimøte. Det har vore handsama totalt 38 saker gjennom året.



Medarbeidarar/organisering/likestilling

Ved utgangen av 2011 var det totalt 25 årsverk i føretaket; 20 menn og 5 kvinner.

Føretaket er organisert med 4 tenesteproduserande avdelingar: Økonomi, VA-Drift og forvaltning, IK/HMT

tenester og Prosjekt.

I tillegg kjøper føretaket tenester frå administrasjonen i Stord kommune; Personaltjenester, Rekneskap og løn, IKT, Sekretær- og arkivtenester, tingartenester og post/tele-tenester.

Medarbeidarane er fordelt slik:

	Årsverk 2009	Årsverk 2010	Årsverk 2011
Administrasjon	4	4	4
Driftsleing og forvaltning	5	5	5
Drift	12	12	12
Økonomi forvaltning	2	2	2
Prosjektleing	1	2	2
Sum	24	25	25


Alle stillingane i føretaket var pr. 2011 heile stillingar. Føretaket har tre medarbeidarar som er på Seniortiltak.

Føretaket har stor overvekt av menn. Føretaket ser ein positiv trend når det gjeld kvinner innan administrasjon og forvaltning. Ved nye tilsetjingar bør fleire kvinner inn i føre-

taket, under elles like forhold. Føretaket er generelt pålagd å fylja lønspolitikken til Stord kommune. Føretaket er opptatt av likeløn.

Viser også til Note 2 Årsverk, i rekneskapen!

Organisasjonsplan 2011



6

Lokal

Føretaket held til i SKE bygget på Heiane, Rundehaugen 45.

1 fyrste etasje:

Her er drifts medarbeidarane lokalisert. Her finn ein formannskontor, matsal, verkstad, lager og garderober.

På uteområdet ved fyrste etasje:

Her er det garasjeanlegg og parkeringsområde for maskin- og bilpark.

1 tredje etasje:

Her finn ein medarbeidarar for administrasjon, forvaltning, kontroll og støttetjenester.

I tredje etasje er også inngang for besøkjande.



Drift

Kjernetenester i SVA KF

Det er Stord vatn og avlaup KF som har eigaransvar for Stord kommune sin vassleveranse, leidningsnett og avløpsreinseanlegg. Føretaket utfører drift, vedlikehaldsarbeidet og forvaltninga.

Tenestene (eks overvatn) er fullt ut finansiert med eigedomsavgifter.

Vatn

Drikkevatt som SVA leverer, skal vere hygienisk trygt, klart og utan nemnande lukt, smak eller farge. Det skal ikkje innehalde fysiske, kjemiske eller biologiske komponentar som kan medføre fare for helseskade i vanleg bruk.

Avlaup

Som avløpsabonnt hos SVA skal ein vere sikra at avløpsvatnet vert leia bort på ein hygienisk trygg måte, og at

kommunen driv avløpsanlegga i tråd med gjeldande utsleppsløye.

Den enkelte abonnent har ansvar for å halda eigne stikkleidningar i orden, og skal også sjå til at det ikkje kjem miljøfarleg avfall eller anna stoff i leidningsnettet som kan hindra ei effektiv reinsing i samsvar med gjeldande miljøkrav.

Renovasjon

SVA er ansvarleg for renovasjon og slamtøming i kommunen, men har gitt den utførande oppgåva vidare til Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM).

Drift

Driftsavdelinga, som er den mest sentrale og utførande delen innan kjerneområda til SVA, har også i 2011 hatt eit aktivt år. Driftsavdelinga har utfordringar både på dag- og nattetid.

Utdrag frå nokre av aktivitetane i 2011:

Saneringsprosjekt i 2011

Prosjektnamn	Ført i drift	Ført i investering	Utført av
Sandbrekko		X	Ekstern
Åkervikjo	X		Intern
VA Holevegen I		X	Intern
Håvåsen		X	Ekstern
Prestlio I	X		Ekstern
Prestlio II	X		Ekstern
Hybelneset		X	Ekstern
Sanering Jensaneset		X	Ekstern
Kunnskapshuset	X		Ekstern
VA Øvre Lønningsåsen / Studalen		X	Ekstern
Åsmyro		X	Ekstern
VA Åsbanen/Åsringen		X	Ekstern
VA Eldøyvegen nord		X	Ekstern
Oppdatering vassmålestasjonar	X		Ekstern
Målekum Eldøyane		X	Ekstern
Enøk Varme og vent. pumpestasjonar		X	Intern
Utv. Måling av pumpestasjonar–vassh.st	X		Intern



Nøkkeltal frå Drifta:

I Stord vatn og avlaup KF har me produsert fylgjande mengd vatn for våre kundar:

År	2008	2009	2010	2011	Endr. 10-11
Produsert m3 (x1000 liter)	3.209.332	3.534.237	3.537.746	3.753.676	+ 215.930

Tal registrerte brot på vassleidning

År	2008	2009	2010	2011	Endring
Brot	18	22	28	28	0

Mengd utskifta leidning (Sanering og nye utbyggingar i regi av SVA KF)

År	2008	2009	2010	2011	Endring
Vassleidning	12756	3999	1599	1823	+224
Spillvatn		813	5109	1804	-3305
Overvatn		372	2605	-	-



Prosjekt

Pågåande prosjekt pr. 31.12.2011

Føretaket gjennomfører sine prosjekt gjennom to måtar.

- To prosjektleiarar som står for dei store og omfattande prosjekta
- Driftsavdelinga gjennom fører «Interne» prosjekt og utskiftingar/saneringar. Desse prosjekta blir også til tider heller omfattande og er betydelege for organisasjonen. (Sjå også tidlegare tabell over saneringsprosjekt)

Føretaket har vore delaktig i eller gjennomført fyljande prosjekt i året 2011:

- Jensanesvegen vegutbygging for SK og SV
- VA Sanering i Sagvåg
- VA Åsmyro

- VA Hybelneset
- VA Eldøyane Nord
- Ny kum i Tømmervikjo
- Ny målekum i Eldøyane
- Ny målekum Rundehaugen/Meamyro
- VA Øvre Lønningsåsen / Studalen
- Lagerområde VA ved Valvatna
- Vassreservoar vasshandsamingsstasjonen
- Rehabilitering vassnett:
Vasshandsamingsstasjonen – Lundsåsen
- Oppdatering av vasshandsamingsstasjonen
- Avløp Fjellgardane
- Prosjektering Sjoarbakken
- Vassledning Slettedalen/Borrevik



Fuglavikjo

Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljø

Føretaket har også i 2011 hatt eit sterkt fokus på arbeidsmiljø og HMT.

Det har blitt utført vernerundar som fyljande:

ObjektTal	2010	2011
Pumpestasjonar	23	10
Reinseanlegg (Sitanlegg)	3	0
Vasshandsamingsstasjonar	1	0
Høgdebasseng/reservoar	0	3
Verkstarar	1	0

Fyljande aktivitetar har blitt utført innan IK/HMT:

- HMT temadag, 23. mars. Tema: biologisk smitte og tryggleiksdatabled
- Arbeid med tiltakslistar etter vernerundar i 2010: 12 jan. 23. feb.
- Grundig gjennomgang av avviksbehandling og kvalitetslosen: 7 jan.
- Revisjon av høgdebasseng, Mattilsynet: 3. feb
- Mattilsynet var på besøk og sjekka det nye høgdebassenget ved vasshandsamingsstasjonen: 8 feb.
- Starta arbeidet med å få på plass «Sikker jobb analyse» for interne prosjekt: 17. mars
- Frå 16. juni starta ein gjennomgang IK-vatn, Dette held fram vidare utover
- Har i perioden utført gjennomgang tryggleiksdatabled for vasshandsamingsstasjonen
- Gjennomført kontroll/vurdert tilstand av luttankar på vasshandsamingsstasjonen
- Føretaket jobbar elles jamt i samsvar med handlingsplanen for HMT.

Registrerte hendingar innan HMT

År	2010	2011	Endring
Skade med fråvær	2	0	-2
Skade utan fråvær	2	1	-1
Uynskt hending	2	5	+3

Utviklinga gjeldande skadar og registrering av uynskte hendingar er positiv. Dette arbeidet vil halda fram også i 2012! Målsettinga er: 0 hendingar.

Registrerte avviksmeldingar

År	2009	2010	2011	Endring
Avvik	57	76	84	+8

Føretaket si målsetting her er at alle avvik skal registrerast. Altså 100 % registrering. Måлтаlet er her 150 avviksmeldingar i året! (Ein avviksmelding per ca 280 utførte arbeidstimar) Dette viser at registrering av avvik kan truleg bli meir omfattande. Føretaket har fokus på dette!

Sjukefråvær i snitt SVA KF

År	2010	2011
Langtid	2,47 %	0
Korttid	2,96 %	1,64
Samla	5,44 %	1,64

Stord kommune hadde ei målsetting for 2011 på maksimum 7,0 % sjukefråvær. Utfordringa til SVA for 2012 blir å fortsette den gode utviklinga på dette området!

Kompetanseheving

Føretaket har som strategi å ha høg kompetanse innan VA området og offentleg forvaltning.

Nøkkelord:

- Kompetanse er truleg det områda føretaket har aller størst utfordring på. Det viser seg at det er vanskeleg å rekruttere nye medarbeidarar med dei kvalifikasjonane ein er ute etter. Dette gjeld både på montørsida og spesielt på ingeniørsida. Skal SVA oppnå målsettinga

med å være heilt på topp innan service, fagfeltet VA og forvaltning må rekruttering få eit større fokus framover. Dette gjeld spesielt marknadsføring og lønsevne!

- Medarbeidarane er aktivt med på fagsamlingane som DIHVA (Driftsassistansen Hordaland Vatn og Avløp) arrangerer for medlemskommunane

SVA vil halda fram med liknande aktivitetar/fokus i åra framover.



Høgdebasseng Nysæter

Anna

Nøkkeltal. Kunder hos Stord vatn og avlaup KF

Stord vatn og avlaup leverer/administrerer følgende:

	Kunder 2010	Kunder 2011	Endring
Leverert vatn til	6.413*	7.338	+101**
Tatt hand om avlaup frå	6.355	6.593	+238
Tatt hand om avlaup frå hytte/fritid	47	52	+5
Tal abonnentar slamavskiljarar, hushald	519	508	-11
Tal abonnentar slamavskiljarar, hytter/fritid	59	60	+1
Tal abonnentar på renovasjonsteneste, hushald	7.367	7.434	+67
Tal abonnentar på renovasjonsteneste, hytte/fritid	309	321	+12

* I 2010 blei det her underrapportert. Talet skal være 7.237 kunder

** Talet er korrigert i høve feilrapporteringa i 2010



Rekneskap –, fakturering – og arkivtenester mm

Føretaket kjøper tenestene rekneskap, fakturering og arkivtenester frå basisorganisasjonen i Stord kommune.

Samla kostnader for tenestekjøp internt i Stord kommune var for 2011 kr.2.254.480,-

I tillegg kjem kalkulatoriske renter og avskrivningar for vatn og avløp på kr. 22.483.476,- i høve etterkalkyle.



Årsrekneskap 2011



Stord vatn og avlaup KF

Økonomi

Investeringer/lån

Det var budsjettert kr 55,2 mill. til investeringar i 2011.

Dei to største postane var:

- VA-sanering i Jensanesvegen utgjorde kr 12,5 mill.
- Nytt reinseanlegg i Grunnavågen utgjorde kr 8,0 mill.

Andre store postar var:

- Ny hovudvassleidning i Lundsåsen med kr 5,0 mill.
- Rehabilitering av vassleidning i Vatnadalen med kr 4,0 mill.
- Ferdigstilling vassreservoar ved vassverket med kr 2,0 mill.
- Ferdigstilling avløp i Fjellgardane med kr 2,5 mill.
- I tillegg vart det sett opp til ymse mindre tiltak for vatn kr 10,9 mill.
- Og til ymse mindre tiltak for avløp kr 7,8 mill.

I revidert budsjett vart kr 8,2 mill omprioritert til ferdigfinansiering av VA Kyvik-prosjektet som var ferdigstilt i 2010. Desse gjekk i hovudsak frå Vatnadalsprosjektet og Lundsåsenprosjektet, samt av ymse midlane på avløpssida.

Frå året før (2010) låg det, (korrigert for dei 8,2 mill ovanfor), kr 20 mill i unytta midlar (der Jensanesvegen VA utgjorde kr 7,5 mill.).

Samla tilgjenge på midlar i 2011 var då kr 67,6 mill., av dette vart det i 2011 nytta kr 26,3 mill.

Rest som då utgjør kr 41,3 mill, fordeler seg slik:

- Jensanesvegen VA (100 % løyvt før første spadetak) kr 16,8 mill (pågår, starta opp i august 2011)
- Reinseanlegg Grunnavågen (utsett grunna nye regelkrav/ ny hovudplan avløp) kr 6,4 mill
- Bjellandsvegen VA (forseinka grunna manglande planar/ avklaring for veg) kr 4,5 mill
- Studalen/Lønningsåsen VA (pågår) kr 2,5 mill
- Eldøyvegen Nord VA (pågår) kr 1,1 mill
- Sandbrekko VA (pågår) kr 1,1 mill
- Stord lufthamn, slamhandtering kr 1,0 mill

I tillegg ein rekke mindre prosjekter som meir eller mindre pågår, og som også tildels er avhengig av utvida ramme så som Hybelsneset overvatn, Åsmyro VA og Studalen/Lønningsåsen. Dette vil me koma attende til i revidert budsjett (2012). SVA har tatt vesentleg omsyn til unytta midlar i budsjett 2012 samt i porsjoneringa av årlege løyvingar frametter.

Årsak til manglande gjennomføring er dels sjølve budsjetteringsmetoden. Her vil me visa til eksisterande kommunedelplan som for lengst har lagt opp til ferdigstilling av både Jensanesvegen VA og avløpsreinseanlegg i Grunnavåg, som ein har måtte utsatt grunna nye regelendringar. Ein har soleis sett av midlar over år til desse anlegga, utan at dei har kunna blitt sett i verk.

Vidare har SVA KF hatt redusert bemanning på prosjektsida, utdaterte kommunedelplanar for vatn og avløp (grunna nye regelkrav), og ein har arbeidd intenst for å få på plass nye hovudplanar, samt at SVA på sida av dette også køyrer vegprosjektet i Jensanesvegen for Statens vegvesen og Stord kommune.

Etterslepet på investeringane er hovudårsak til at sjølvkostfonda må godskrivast budsjetterte renter/ avskrivningar i samband med etterkalkyle for sjølvkost (sjå note) noko som då bidreg til at foretaksrekneskapen står med udekkat resultat på kr 3,3 mill i 2011.

Kalkylerenta tilsvarar rente på 3 årleg statsobligasjonar med ein prosent påslag og er etterkalkulert med 3,24 % for 2011 (budsjettert med 3,7 %).

Føretaket står med langsiktig lånegjeld til Stord kommune pr 31.12.11 med kr 351,2 mill. Det er betalt kr 21,2 mill. i avdrag (inkl. 2010-avdrag).

	31.12.2010	31.12.2011	Endring siste år
Langsiktig lånegjeld i SK (Mill)	363,7	351,2	-12,5



Drift

Driftsbudsjettet i SVA innebar opphavleg eit netto negativt driftsresultat på kr 0,5 mill, som i revidert budsjett vart kr 1,9 mill (fortsatt negativt), då budsjettet overskot på avløp vart teke ned til null (pga. auka aktivitet). Endeleg rekneskap syner eit netto positivt driftsresultat på kr 0,1 mill, som altså avviker (i pluss) 2,0 mill frå budsjettet resultat.

Dette avviket finnes att på lønsbudsjett, der ein har hatt 3,5 vakante stillingar gjennom heile 2011. I tillegg vart pensjonskostnadene om lag kr 0,6 mill lågare enn budsjettet.

Det er gjennomført fleire konkrete tiltak som er ført i driftsrekneskapen i 2011, mellom anna:

- Sanering VA i Sæ (Kunnskapshuset), kr 2,2 mill (starta opp i 2010)
- Driftskontroll (datakommunikasjon/ fjernstyring), kr 0,88 mill (starta opp i 2009)
- Planlegging hovudplan avløp, kr 0,86 mill (starta opp i 2010)

- Planlegging hovudplan vatn, kr 0,2 mill (starta opp i 2010)
- Sanering VA i Åkervikjo (Nysætervegen), kr 0,56 mill (2011)
- Sanering VA i Kjøtteinsvegen/Legemyrvegen, kr 0,44 mill (starta opp i 2010)
- Brannhydrantar og – kummar kr 0,2 mill
- Akkumulert prøvetaking jf. nye regelkrav, kr 0,15 mill (starta opp i 2010)

Sjølvcostfonda er blitt styrka i 2011 (budsjettet med bruk av kr 1,9 mill.). I hovudsak er dette grunna etterkalkulering av gjennomførte investeringar, jf. note. I tillegg har drifta gått med 2 mill kr meir i pluss enn budsjettet, som nemnd over.

Fonda er som fyljande

Fond pr.	31.12.2008	31.12.2009	31.12.2010	31.12.2011	Endring
Vatn	2.877.433	6.874.268	5.477.862	5.190.022	-287.840
Avløp	6.797.626	8.310.425	13.763.198	17.339.302	+3.576.104
Renovasjon	1.212.954	850.372	709.538	623.913	-85.625
Slam	119.960	445.834	297.633	564.534	+266.901
Sum fond	11.009.973	16.480.899	20.248.231	23.717.771	+3.469.540

Økonomisk oversikt Stord Vatn og Avlaup KF

Tekst	Rekneskap 2011	Budsjett 2011 rev	Budsjett 2011 opph	Rekneskap 2010	(SK+SVA)	Frå 1.7.2009
					Rekneskap 2009	Rekneskap 2009
Driftsinntekter						
Bruker betalinger	0	0	0	0	0	0
Andre salgs og leieinntekter	-74 693 174	-74 221 432	-69 921 432	-72 393 574	-65 009 680	-27 241 654
Overføringer med krav til motytelse	-75 067	-133 500	-133 500	-456 994	-4 329 401	-904 786
Rammetilskudd	0	0	0	0	0	0
Andre statlige overføringer	0	0	0	0	0	0
Andre overføringer	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-74 768 842	-74 354 932	-70 054 932	-72 850 568	-69 339 081	-28 146 440
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	12 933 576	14 116 000	13 996 000	12 392 836	10 271 688	6 181 418
Sosiale utgifter	3 399 657	4 264 920	4 248 000	3 077 825	2 951 687	1 692 925
Kjøp av varer og tj. som inngår i prod.	20 823 774	18 048 519	13 065 439	19 742 038	10 706 385	5 658 094
Kjøp av varer og tj. erstatter egenprod.	17 554 916	41 472 993	15 807 265	41 082 683	15 609 404	9 327 458
Overføringer	186 215	130 000	130 000	193 864	264 784	396 841
Avskrivninger	11 157 439	0	0	10 072 351	8 236 067	4 131 648
Fordelte utgifter	-1 517 181	-1 757 500	23 308 228	-700 975	24 053 364	-589 323
Sum Driftsutgifter	64 638 396	76 274 932	70 664 932	85 860 623	72 093 379	26 799 061
Brutto driftsresultat	-10 230 447	1 920 000	500 000	13 010 055	2 754 290	-1 347 379
Finansinntekter						
Renteinntekter og utbytte	-20 582	0	0	-7 944	-894	-894
Mottatte avdrag på utlån	0	0	0	0	0	0
Sum Eksterne finansinntekter	-20 582	0	0	-7 944	-894	-894
Finansutgifter						
Renteutgifter og låneomkostninger	30 978	10 000	10 000	31 102	11 737	8 996
Avdrag på lån	21 229 789	0	0	0	0	0
Utlån	0	0	0	0	0	0
Sum Eksterne finansutgifter	21 260 767	10 000	10 000	31 102	11 737	8 996
Resultat ekst. finanstransaksjoner	21 240 185	10 000	10 000	23 159	10 843	8 102
Motpost avskrivninger	-11 157 439	0	0	-10 072 351	-8 236 067	-4 131 648
Netto driftsresultat	-147 700	1 930 000	510 000	2 960 862	-5 470 926	-5 470 925
Interne finanstransaksjoner						
Bruk av udisponert fra tidligere år	0	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne fond	0	-2 200 000	-2 200 000	-1 685 441	-362 582	0
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0	0	0
Sum bruk av avsetninger	0	-2 200 000	-2 200 000	-1 685 441	-362 582	0
Overført til investeringsregnskapet	0	0	0	0	0	0
Avsatt til dekning fra tidligere år	0	0	0	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	0	0	1 420 000	0	0	0
Avsatt til bundne fond	3 469 540	270 000	270 000	5 452 773	5 833 507	5 470 925
Avsatt til likviditetsreserven	0	0	0	0	0	0
Sum avsetninger	3 469 540	270 000	1 690 000	5 452 773	5 833 507	5 470 925
Udekket (+)/ udisponert (-)	3 321 840	0	0	6 728 195	0	0

Økonomisk oversikt investering

Tekst	Rekneskap 2011	Budsjett 2011 rev	Budsjett 2011 opph	Rekneskap 2010	(SK+SVA)	frå 1.7.2009
					Rekneskap 2009	Rekneskap 2009
Inntekter						
Salg av driftsmidler og fast eiendom	0	0	0	-240 000	0	0
Andre salgsinntekter	-66 667	0	0	-545 380	0	0
Overføringer med krav til motytelse	0	0	0	72 415	-2 755 515	0
Statlige overføringer	-454 657	0	0	0	0	0
Andre overføringer	-11 547 061	0	0	0	0	0
Renteinntekter og utbytte	0	0	0	0	0	0
Sum Inntekter	-12 088 385	0	0	-712 965	-2 755 515	0
Utgifter						
Lønnsutgifter	0	0	0	0	0	0
Sosiale utgifter	0	0	0	0	0	0
Varer og tjenester i komm. egenprod	35 569 718	52 455 000	52 455 000	41 541 496	74 210 305	33110327
Kjøp av tjenester som erstatter egenpr	0	0	0	0	9 000	9000
Overføringer	0	0	0	0	143 554	0
Renteutgifter og omkostninger	2 771 000	2 771 000	2 771 000	0	1 269 262	0
Fordelte utgifter	0	0	0	0	0	0
Sum Utgifter	38 340 718	55 226 000	55 226 000	41 541 496	77 632 121	33 119 327
Finanstransaksjoner						
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0
Utlån og aksjekjøp	0	0	0	0	0	0
Kjøp av aksjer og andeler	3 944	0	0	1 713	0	0
Deka. tidl. års udekk	0	0	0	0	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0
Avsatt til bundne fond	0	0	0	0	0	0
Avsatt til likviditetsreserven	0	0	0	0	0	0
Sum Finanstransaksjoner	3 944	0	0	1 713	0	0
Finansieringsbehov	26 276 277	55 226 000	55 226 000	40 830 244	74 876 606	33 119 327
Dekket slik:						
Bruk av lån	-26 276 277	-55 226 000	-55 226 000	-40 830 244	-74 876 606	-33119327
Mottatte avdrag på utlån	0	0	0	0	0	0
Salg av aksjer og andeler	0	0	0	0	0	0
Overført fra driftsregnskapet	0	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne fond	0	0	0	0	0	0
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0	0	0
Sum finansiering	-26 276 277	-55 226 000	-55 226 000	-40 830 244	-74 876 606	-33 119 327
Udekk (+)/ udisponert (-)	0	0	0	0	0	0




BALANSE

2011

Kap.		Saldo 31.12	Saldo 01.01
	Eiendeler	418 355 858	528 382 883
2.2	Anleggsmidler	364 441 302	348 395 012
2.27-2.29	Faste eiendommer og anlegg	331 669 436	317 335 718
2.24-2.26	Utstyr, maskiner og transportmidler	15 888 846	14 553 013
2.22-2.23	Utlån	-	-
2.20	Pensjonsmidler	16 852 320	16 164 689
2.21	Aksjer og andeler	30 700	341 592
2.1	Omløpsmidler	53 914 556	179 987 871
2.19	Premieavvik	202 820	884 955
2.13-2.17	Kortsiktige fordringer	47 044 300	178 417 568
2.18	Aksjer og andeler	-	-
2.12	Sertifikater	-	-
2.11	Obligasjoner	-	-
2.10	Kasse/bank/post	6 667 436	685 348
	<i>Sum eiendeler</i>	418 355 858	528 382 883
	Egenkapital og Gjeld	1 246 290	(1 735 489)
2.5	Egenkapital	-	-
2.56-2.58	Disposisjonsfond	-	-
2.51-2.52	Bundne driftsfond	23 717 771	20 248 231
2.53-2.54	Ubundne invest.fond	-	-
2.55	Bundne invest.fond	-	-
2.5950	Regnskapsmessig mindreforbruk	-	-
2.5900	Regnskapsmessig merforbruk	(10 050 035)	(6 728 195)
2.5960	Udisponert i investeringsregnskapet	-	-
2.5970	Udekket i investeringsregnskapet	-	-
2.5980	Likviditetsreserve	-	-
2.5990	Kapitalkonto	(12 421 447)	(15 255 525)
	Gjeld	376 922 772	363 650 537
2.4	Langsiktig gjeld	25 721 818	17 556 095
2.40	Pensjonsforpliktelse	-	-
2.41-2.42	Ihendehaverobligasjonslån	-	-
2.43-2.44	Sertifikatlån	-	-
2.45-2.49	Andre lån	351 200 954	346 094 443
2.3	Kortsiktig gjeld	40 186 796	166 467 835
2.31	Kassekreditt	25 262 894	148 294 021
2.32-2.38	Annen kortsiktig gjeld	14 923 902	18 173 814
2.39	Premieavvik	-	-
	<i>Sum EK og gjeld</i>	418 355 858	528 382 883
	Memoriakonti		
2.9	Memoriakonto	-	-
2.9100	Ubrukte lånemidler	60 023	
2.9200-2.9899	Andre memoriakonti		
2.9999	Motkonto for memoriakontiene	(60 023)	


Stord 16.04.2012


Jarle Myklebust
Styreleiar


Aud Berit Alsaker Haynes
Nestleiar


Hege Økland
Styremedlem


Gunhild Enes
Styremedlem valt av medarbeidarane


Johannes Njosen
Styremedlem


Sivert Haaland
Dagleg leiar



Note 1 Rekneskapsprinsipp, vurderingsreglar og organisering

Rekneskapan er avlagt i samsvar med rekneskapsforesegnene til kommunelova og god kommunal rekneskapskikk

Rekneskapan er finansielt orientert, og skal syne alle økonomiske midlar som er tilgjengeleg i året, og bruken av desse. Inntekter og utgifter skal tidsmessig plasserast i det året som følgjer av anordningsprinsippet.

Anordningsprinsippet betyr at alle kjente utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar i løpet av året som vedkjem kommunen si verksemd skal gå fram av drifts - eller investeringsrekneskapan i året enten dei er betalte eller ikkje.

Drifts - og investeringsrekneskapan

Alle løpande inntekter og innbetalingar, og bruken av desse skal rekneskapsførast i driftsrekneskapan

Bruk av lånemidlar og inntekter knytt til varige driftsmidlar og finansielle anleggsmidlar vert inntektsført i investeringsrekneskapan.

Andre inntekter som er uvanleg eller ikkje regelmessige vert inntektsført i investeringsrekneskapan. Alle investeringar vert utgiftsført i investeringsrekneskapan og balanseført

Vurderingsregel

Eigendelar bestemt til varig eige eller bruk vert klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigendelar er klassifisert som omlaupsmidlar. Føretaket sine anleggsmidlar er vurdert til brutto skaffekost. Dette vil sei at mottokne tilskot ikkje har redusert skaffekost.

Dersom verkeleg verdi av anleggsmidlar er lågare enn bokført verdi og verdifallet ikkje er forbigående, er det føreteke nedskrivning til verkeleg verdi.

Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskreve med like store årlege beløp over levetida til anleggsmiddelet.

Avskrivningane startar året etter at anleggsmiddelet er skaffa/teke i bruk.

Avskrivning og nedskrivning av anleggsmidlar påverkar ikkje resultatet i føretaket sitt drifts - eller investeringsrekneskap.

Omlaupsmidlane er vurdert til lågaste verdi av skaffekost og verkeleg verdi. Fordringar som skal attendebetalt innan eit år vert klassifisert som omlaupsmidlar.

Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn.

Note 2 Årsverk

Tekst	2011	2010	2009
Antall årsverk	25	24	23
Antall tilsette	25	24	23
Antall kvinner	5	5	4
%-andel kvinner	20	20,8	17,4
Antall menn	20	20	19
%-andel menn	80	83,3	82,6
Antall kvinner leiande stillingar	2	2	1
%-andel kvinner i leiande stillingar	25	25	25
Antall menn i leiande stillingar	6	6	6
%-andel menn i leiande stillingar	75	75	75

Fordeling heltid/deltid

Tekst	2011	2010	2009
Antall deltidsstillinger	0	0	0
Antall tilsette i deltidsstillinger	0	0	0
Antall kvinner i deltidsstillinger	0	0	0
%-andel kvinner i deltidsstillinger			
Antall menn i deltidsstillinger	0	0	0
%-andel menn i deltidsstillinger			

Note 3 Endring arbeidskapitalen

Del 1 Endring i arbeidskapital løyingsrekneskapen

Anskaffelse av midler		Regnskap 2011	Regnskap 2010
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	SUM(600:670; 700:780;800:895)	-74 768 841,66	-72 850 567,58
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	SUM(600:670; 700:770;800:895)	-12 068 385,06	-712 965,00
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner	SUM(900:929)	-26 296 858,55	-40 838 187,95
Sum anskaffelse av midler	S	-113 134 085,27	-114 401 720,53
Anvendelse av midler			
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	SUM(010:285;300:48 0) -690	53 380 956,47	75 788 271,61
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	SUM(010:285;300:48 0) -690	35 569 717,63	41 541 496,34
Utbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner	SUM(500:529)	24 035 711,05	32 815,18
Sum anvendelse av midler		112 986 385,15	117 362 583,13
Anskaffelse - anvendelse av midler	U=W	-147 700,12	2 960 862,60
Endring i ubrukte lånemidler	Bal: 2.91(Rt) - 2.91(Rt-1)	-60 023,43	0,00
Endring i arbeidskapital	V	207 723,55	-2 960 862,60

Del 2 Endring i arbeidskapital balansen

Tekst	Konto	Regnskap 2011	Regnskap 2010
Omløpsmidler	2.1		
Endring kortsiktige fordringer	2.13 - 2.17	-131 373 267,76	87 705 248,16
Endring aksjer og andeler	2.18	0,00	0,00
Premieavvik	2.19	-882 135,16	120 315,98
Endring sertifikater	2.12	0,00	0,00
Endring obligasjoner	2.11	0,00	0,00
Endring betalingsmidler	2.10	5 982 088,19	-2 259 552,09
Endring omløpsmidler		-126 073 314,73	85 566 012,03
Kortsiktig gjeld	2.3		
Endring kassekredittlån	2.31	-123 031 126,74	94 600 976,85
Endring annen kortsiktig gjeld	2.32 - 2.38	-3 249 911,54	-6 074 102,22
Premieavvik	2.39	0,00	0,00
Endring arbeidskapital		207 723,55	-2 960 862,60

Note 4 Fond

Bundne driftsfond SVA	Beløp	
Behaldning 01.01.11	kr	20 248 231
Avsetningar til fonda	kr	3 469 540
Bruk av fonda	kr	-
Netto endring	kr	3 469 540
Behaldning 31.12.11	kr	23 717 771

Spesifikasjon av fond:

Fond vatn:

Behaldning 01.01.11	kr	5 477 862
Avsetningar til fond	kr	-
Bruk av fond	kr	287 840
Netto endring	kr	(287 840)
Behaldning 31.12.11	kr	5 190 022

Fond avløp:

Behaldning 01.01.11	kr	13 763 198
Avsetningar til fonda	kr	3 576 104
Bruk av fonda	kr	-
Netto endring	kr	3 576 104
Behaldning 31.12.11	kr	17 339 302

Fond slam:

Behaldning 01.01.11	kr	297 633
Avsetningar til fonda	kr	266 900
Bruk av fonda	kr	-
Netto endring	kr	266 900
Behaldning 31.12.11	kr	564 534

Fond renovasjon:

Behaldning 01.01.11	kr	709 538
Avsetningar til fonda	kr	-
Bruk av fonda	kr	85 625
Netto endring	kr	(85 625)
Behaldning 31.12.11	kr	623 913

<i>Kontrollsum IB</i>	<i>kr</i>	<i>20 248 231</i>
<i>Kontrollsum netto endring</i>	<i>kr</i>	<i>3 469 540</i>
<i>Kontrollsum UB</i>	<i>kr</i>	<i>23 717 771</i>

Note 5 Mellomrekning med kommunen

Tekst	31.12.2011	01.01.2011	Endring 2011
Fordring på Stord kommune	35 625 749	169 205 274	-133 579 525
Kortsiktig gjeld Stord kommune	25 262 894	148 294 021	-123 031 127
Netto korts. fordring Stord kommune	10 362 855	20 911 254	-10 548 399
Langsiktig gjeld til Stord kommune	351 200 954	346 094 443	5 106 511

Spesifikasjon:

Langsiktig gjeld:

Sum langsiktig gjeld SK pr 31.12.10	346 094 443
Bruk av lån 2011	26 276 277
Unyttet lånemidler 2011 i SVA	60 023
Avdrag 2011 SVA	-21 229 789
Sum langsiktig gjeld SK pr 31.12.11	351 200 954

Kortsiktig fordring SK:

I hovedsak eideomsavgifter fakturert av SK

Kortsiktig gjeld SK:

Overføringskonto for oppgjør mellom SVA og SK.

Note 6 Kapitalkonto

KAPITALKONTO			
01.01.2011 Balanse (underskudd i kapital)	15 255 525	01.01.2011 Balanse (kapital)	
Debetposterings i året:		Kreditposterings i året:	
Salg av fast eiendom og anlegg	0	Aktivering av fast eiendom og anlegg	24 003 194
Nedskrivninger fast eiendom	0	Oppskrivning av fast eiendom	0
Avskrivning av fast eiendom og anlegg	9 669 477		
Salg av utstyr, maskiner og transportmidler	0	Aktivering av utstyr, maskiner og transportmidler	2 623 795
Nedskrivning av utstyr, maskiner og transportmidler	0	Oppskrivning av utstyr, maskiner og transportmidler	0
Avskrivninger av utstyr, maskiner og transportmidler	1 487 962	Kjøp av aksjer og andeler	3 944
Salg av aksjer og andeler	0	Oppskrivning av aksjer og andeler	0
Nedskrivning av aksjer og andeler	314 836	Utlån formidlings/startlån	0
Avdrag på formidlings/startlån	0	Utlån sosial lån	0
Avdrag på sosial lån	0	Utlån egne midler	0
Avdrag på utlånte egne midler	0	Oppskrivning utlån	0
Avskrivning sosial utlån	0	Avdrag på eksterne lån	0
Avskrevet andre utlån	0	Avdrag på interne lån SK	21 229 789
Bruk av midler fra eksterne lån	26 276 277	Urealisert kursgevinst utenlandslån	0
Urealisert kursstap utenlandslån	0	UB Pensjonsmidler (netto)	687 631
UB Pensjonsforpliktelse (netto)	6 971 109	Estimatavvik pensjonmidler	0
Åge pensjonsforpliktelse	1 194 615	Reversing nedskrivning av fast eiendom	0
Estimatavvik pensjonsforpliktelse	0	Reversing nedskrivning av utstyr, maskiner og tra	0
	61 169 800		48 748 353
31.12.2011 Balanse Kapitalkonto		31.12.2011 Balanse (underskudd i kapital)	12 421 447

Note 7 Sjølvkost

	Vatn	Avløp	Slam	Renovasjon	SVA KF
Oppsett med etterkalkyle 2011					
Drift i selskapet	18 136 978	15 979 222	76 166	13 033 306	47 225 672
Indirekte kostnader SVA til SK	838 333	820 133	56 015	540 000	2 254 480
Etterkalkulerte renter anlegg SVA til SK (r=3,24%)	5 522 192	4 912 685	0	0	10 434 877
Etterkalkulerte avskrivningar anlegg SVA til SK	6 235 956	5 812 643	0	0	12 048 599
Andre inntekter	-780 217	-128 332	0	-41 647	-950 195
Gebyrgrunnlag	29 953 242	27 396 351	132 181	13 531 659	71 013 433
Gebyrinntekter	-29 513 965	-30 530 937	-386 843	-13 427 106	-73 858 850
Finansielt årsresultat	439 277	-3 134 586	-254 661	104 554	-2 845 417
Avsett/bruk av fond i 2011 jfr etterkalkyle sjølvkost	-439 277	3 134 586	254 661	-104 554	2 845 417
Kontrollsum	0	0	0	0	0

udekket

Resultatrekneskap med korreksjon fond 2011

Drift i selskapet	18 136 978	15 979 222	76 166	13 033 306	47 225 672
Indirekte kostnader SVA til SK	838 333	820 133	56 015	540 000	2 254 480
Kalkulatoriske renter anlegg SVA til SK (r=3,7%)	6 727 290	5 799 260	0	0	12 526 550
Kalkulatoriske avskrivningar anlegg SVA til SK	6 558 847	6 095 796	0	0	12 654 643
Andre inntekter	-780 217	-128 332	0	-41 647	-950 195
Gebyrgrunnlag	31 481 231	28 566 079	132 181	13 531 659	73 711 150
Gebyrinntekter	-29 513 965	-30 530 937	-386 843	-13 427 106	-73 858 850
Finansielt årsresultat	1 967 266	-1 964 858	-254 661	104 554	-147 700
Avsett/bruk av fond i 2011 jfr etterkalkyle sjølvkost	-439 277	3 134 586	254 661	-104 554	2 845 417
Rekneskapsmessig diff. 2011	1 527 989	1 169 728	0	0	2 697 717
Alternativkostnad (renter) fond 2011 (r=2,88%)	151 437	441 518	12 239	18 929	624 123
Udøponert / udekket	1 679 426	1 611 246	12 239	18 929	3 321 840

udekket

Inngående saldo fond pr 1.1.11	5 477 862	13 763 198	297 633	709 538	20 248 231
Korrigert kapitalkostnad 2009	0	0	0	0	0
Avsett/bruk av fond jfr etterkalk. 2011	-439 277	3 134 586	254 661	-104 554	2 845 417
Renter til fond 2011	151 437	441 518	12 239	18 929	624 123
Utgående saldo fond pr 31.12.11 etter renter	5 190 022	17 339 302	564 534	623 913	23 717 771

Resultat 2009	-337 796	1 979 368	0	0	1 641 572
Resultat 2010	24 867	5 022 584	12 643	26 528	5 086 623
Resultat 2011	1 679 426	1 611 246	12 239	18 929	3 321 840
Balanseført resultat	1 366 497	8 613 198	24 882	45 457	10 050 035

udekket

Note 8 Pensjon

Årets netto pensjonskostnad (F § 13-1 bokstav C)	2011	2010
Årets pensjonsopptenning, nåverdi	1 448 498	1 244 519
Rentekostnad av påløpt pensjonsforpliktning	967 820	83 491
Forventa avkastning på pensjonsmidlane	-883 345	-60 943
Administrasjonskostnader	76 580	95 924
Netto pensjonskostnad (inkl.adm.)	1 609 553	1 362 991
Årets pensjonspremie til betaling	1 653 546	1 506 308
Årets premieavvik	-43 993	-143 317

Balanse 31.12.11 (F § 13-1 bokstav E)	Pensjonsposter	Arbeids-gjevaravgift
Brutto påløpt forpliktning	-24 625 763	
Pensjonsmidlar	16 852 320	
Netto pensjonsforpliktning	-7 773 443	-1 096 055
Årets premieavvik	43 993	6 203
Premieavvik tidligere år	133 763	18 861
Akkumulert premieavvik	177 756	25 064

Kommunen har valt 15 års amortiseringstid.

Frå og med 2012 er amortiseringstida 10 år.

Berekningsforesetnader	KLP
Forventa avkastning på pensjonsmidlar (F § 13-5 bokstav F)	5,50 %
Diskonteringsrente (F § 13-5 bokstav E)	4,50 %
Forventa årleg lønnsvekst (F § 13-5 bokstav B)	2,96 %
Forventa årleg G- og pensjonsregulering (F § 13-5 bokstav C og D)	2,96 %
Foresetnader for turn-over (F § 13-5 bokstav G) :	
	Uttaksandel pr aldersgruppe i AFP-felles
	Fellesordning Kompensjonsord
	20 %
	15 % 62 år 20,00 %
	10 % 63 år 30,00 %
	7,5 % 64 år 40,00 %
	5 % 65 år 50,00 %
	2 % 66 år 60,00 %
	0 %

Estimatavvik	Pensjonsmidlar	Pensjonsforpliktingar	Netto
Estimert 31.12.10	16 052 456	20 457 505	-4 405 049
Ny berekning 01.01.12	16 852 320	24 625 763	-7 773 443
Årets estimatavvik (01.01.12)	-799 864	4 168 258	-3 368 394
Estimatavvik fra tidligere år	2 321 155	-2 277 162	-43 993
Amortisert 2011	-1 521 291	-1 891 096	-3 412 387
Akkumulert estimatavvik 31.12.10	0	0	0

Note 9 Anleggsmidlar

Ikke tatt med pensjonsmidlar og aksjar/andeler

Tekst	5 år	10 år	20 år	40 år	50 år	Sum
	Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 3	Gruppe 4	Gruppe 5	
Skaffekost	0	8 236 182	15 440 950	392 198 384	0	415 875 516
Akkumulerte avskrivningar	0	-3 254 695	-5 869 424	-74 862 665	0	-83 986 785
Tilgang i rekneskapsåret	480 414	983 499	1 359 882	24 003 194	0	26 826 989
Avgang i rekneskapsåret	0	0	0	0	0	0
Avskrivningar i rekneskapsåret	0	-759 502	-728 460	-9 669 477	0	-11 157 439
Nedskrivningar	0	0	0	0	0	0
Reverserte nedskrivningar	0	0	0	0	0	0
Bokført verdi	480 414	5 205 483	10 202 949	331 669 436	0	347 558 282

Til kommunestyret i Stord kommune

Kopi:
Kontrollutvalget
Formannskapet
Administrasjonssjefen

Tlf: +47 52 70 25 40
Faks: +47 52 70 25 41
www.deloitte.no

REVISORS BERETNING

Uttalelse om særregnskapet

Vi har revidert særregnskapet for Stord vatn og avlaup KF som viser et underskudd på kr 3.321.840. Særregnskapet består av balanse per 31. desember 2011, resultatregnskap og oppstilling over endringer i egenkapital, for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Styret og daglig leders ansvar for særregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide særregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler, tilleggsbestemmelser i kommuneloven, forskrift om særbudsjett, særregnskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale foretak og god regnskapsikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et særregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette særregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at særregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i særregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at særregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for foretakets utarbeidelse av et særregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av foretakets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimaterne utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av særregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er særregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til Stord vatn og avlaup KF per 31. desember 2011, og av resultater, endringer

i egenkapitalen og kontantstrømmer for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler, tilleggsbestemmelser i kommuneloven, forskrift om særbudsjett, særregnskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale foretak og god regnskapsskikk i Norge.

Uttalelser om øvrige forhold

Konklusjon om særbudsjett

Basert på vår revisjon av særregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at de disposisjoner som ligger til grunn for særregnskapet er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpene i særregnskapet stemmer med regulert særbudsjett.


Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av særregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om særregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med særregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av særregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE)3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av foretakets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.


Haugesund, 16.4. 2012



Else Holst-Larsen

Statsautorisert revisor





Stord vatn og avlaup KF

Postadresse:

Postboks 304, 5402 STORD

Besøksadresse:

Rundehaugen 45, HEIANE 5412 STORD

Organisasjonsnummer:

994 294 253